

Dan Femoen sette fram følgjande tilleggsforslag på vegner av utvalet:

«Dersom det oppstår tvil ved vurderinga av utlån av skulebygg blir dette avgjort av rektor ved den einskilde skule og opplæringsdirektøren i fellesskap.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Femoen sitt tilleggsforslag.

VEDTAK

Utleigesatsar for 2014 vert slik det går fram av tabellen under.

Type rom	Leige
Vanlege klasserom	325 pr gong (dag)
Spesialrom (u/ bruk av skolen sitt utstyr)	430 pr gong (dag)
Spesialrom med utstyr	870 pr gong (dag)
Datarom	485 pr time
Gymnastikksal	440 pr time
Garderobe m/dusj	180 pr gong (dag)
Kjøkken i tilknytning til aula, gymnastikksal	140 pr gong (dag)

Utleigesatsane vert justert årleg tilsvarande konsumprisindeksen siste år. Nye satsar gjeld frå 1. januar kvart år. Dersom det oppstår tvil ved vurderinga av utlån av skulebygg blir dette avgjort av rektor ved den einskilde skule og opplæringsdirektøren i fellesskap.